



Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Fagerli Husabø, 5764 3036

Lovlegkontroll av avgjerd frå Øygarden kommune om å lukke møte i kontrollutvalet i sak PS 17/21

Vi viser til oversending frå Vestland fylkeskommune 29.06.2021.

Vedtak

Statsforvaltaren er kome til at reglane for lukking av møte etter kommunelova § 11-5 ved handsaming av sak PS 17/21 ikkje vart følgt. Det er likevel ikkje ein feil som kan føre til ugyldigheit i denne saka.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Øygarden kommune gjorde vedtak om å lukke møte PS 17/21 den 21.04.2021. I protokollen for sak PS 17/21 står det:

«Innsyn i dokument – møte vart lukka med heimel i Kom. l. § 11-5, 3 ledd bokstav b)

Kontrollutvalet vurderte om ein skal lukke møte under handsaminga av denne saka, og avstemming må gjerast først før handsaming av saka. Kontrollutvalet vedtok å lukke saka etter ei kort orientering frå utvalsleiar om kva saka gjeld.

Kontrollutvalet vedtok å lukke møte ved behandling av denne saka med heimel i Kom. l. § 11-5, 3 ledd bokstav b).»

Kommunen skriv at heimelen for å lukke møte i deler av sak PS 17/21 i kontrollutvalsmøtet 21.04.2021 vart drøfta før møtet. Leiaren i kontrollutvalet fekk og presentert heimelen av sekretariatet før møtet. Kommunen skriv at ved ein inkurie vart ikkje heimelen lesen opp i det opne møtet. Heimelen vart først lesen opp etter at møtet vart lukka. Det vart samrøystes vedteke i ope møte at møtet skulle lukkast.

Krav om lovlegkontroll av vedtaket om å lukke møtet den 11.05.2021 er sett fram av kommunestyrerepresentantane Nils Bjarte Sæle (R), Symphorien Pombe (SV) og Eva Aarskog (SV). Kravstillarane meiner at det i det opne møtet ikkje vart vist til heimel for å lukke møtet, og at møtet difor ikkje vart lukka i tråd med lova, jf. kommunelova § 11-5 tredje avsnitt bokstav b.



Kontrollutvalet handsama kravet i møte 14.06.2021. Dei står ved at dei hadde heimel til å lukke møtet i delar av sak PS 17/21 i kontrollutvalsmøtet 21.04.2021, sjølv om heimelen ved ein inkurie ikkje vart lesen opp i det opne møtet.

Saka vart deretter sendt til Statsforvaltaren i Vestland for avgjerd.

Regelverk

Lovlegkontroll med kommunale avgjerder er regulert i kommunelova kapittel 27.

Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at avgjerda vart teken.

For kommunale vedtak er statsforvaltaren delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Dersom eit kommunalt vedtak vert teke opp til kontroll, skal Statsforvaltaren etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- Innhaldet i avgjerda er lovleg
- Avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- Avgjerda har kome til på lovleg måte

Statsforvaltaren har ikkje rett til å ta ny avgjerd, men kan oppheve avgjerda dersom ho er ugyldig.

Statsforvaltarens vurdering

Kravet om lovlegkontroll er datert til 11.05.2021, og er sett fram innan fristen på tre veker, jf. kommunelova § 27-1. Kravet er sett fram av tre medlemmer av kommunestyret, jf. kommunelova § 27-1. Vedtaket kan prøvast, jf. kommunelova § 27-2 første avsnitt bokstav b.

Møtet 21.04.2021 vart gjennomført digitalt gjennom kommunikasjonstenesta Teams. Møtet skal difor følgje reglane for fjernmøte etter kommunelova § 11-7. Gjennomføring av fjernmøte skal og elles følgje reglane for møte i § 11-5, jf. § 11-7 andre avsnitt andre setning. Etter kommunelova § 11-5 er utgangspunktet møteoffentlegheit. I § 11-5 tredje avsnitt bokstav b kan eit folkevald organ vedta å lukke eit møte dersom «*Hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument.*»

Det er eit krav etter kommunelova § 11-5 bokstav b at det må kunne visast til ein heimel i offentleglova som informasjonen kan unntakast etter.

Spørsmålet i denne saka er om det er eit krav at det må visast til ein konkret heimel i offentleglova under møtet når det vert drøfta om møtet kan lukkast, jf. kommunelova § 11-5 tredje avsnitt bokstav b.

Lova regulerer ikkje spørsmålet eksplisitt. Etter kommunelova § 11-5 femte avsnitt står det at organet kan vedta om debatten om lukking av eit møte skal gå for opne eller lukka dører. Dette føreset at det vert opna for debatt om avgjerda om å lukke møtet.



I førearbeida står det at «*En avgjørelse om å lukke møtet skal føres inn i møteboken, og det skal også framgå hvilken hjemmel som er grunnlaget for lukkingen, se § 30 nr. 4. Hjemmelshenvisningen skal være til hvilket nummer i § 31 som er benyttet. Hvis hjemmelen er § 31 nr. 5 skal det også vises til den aktuelle bestemmelsen i offentlighetsloven.*»¹ Tilvisingane er til kommunelova av 1992, men føresegnene er stort sett like som § 11-5.

Vi kan vanskeleg sjå at det vert ein reell debatt kring spørsmålet om å lukke møtet utan at det vert vist til kva rettsleg grunnlag og heimel i kommunelova og eventuelt offentleglova møtet skal lukkast etter. Slik vi les kommunelova § 11-5 er det ein føresetnad for debatten om å lukke eit møte at heimelen for å lukke møtet blir nemnt.

I møtereferatet står det at kontrollutvalet vedtok å lukke møtet ved handsaming av saka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. avsnitt bokstav b. Representantane som krev lovlegkontroll meiner at det som står i referatet er uriktig. Kontrollutvalssekretariatet viser til at det vart samrøystes vedteke i ope møte at møtet skulle lukkast, men at heimelen ikkje vart lesen opp i det opne møtet. Det går fram av saka at heimelen vart lesen opp etter at møtet vart lukka.

Ut frå det som er nemnt over, har vi kome til at reglane for lukking ikkje er følgde når det ikkje er vist til eit rettsleg grunnlag for å lukke møtet, og at det utgjer saksbehandlingsfeil. Spørsmålet er då om dette kan ha hatt verknad for vedtaket som vart gjort.

Det kjem fram av forarbeida til kommunelova at som utgangspunkt vil manglande møteoffentlegheit vanskeleg kunne påverke utfallet i ei sak, sidan tilhøyrarar ikkje har talerett i eit folkevald organ. Det er difor lagt til grunn som utgangspunkt at brot på reglane om møteoffentlegheit ikkje kan føre til at vedtaket kan setjast til side som ugyldig.² Vi ser ikkje særskilde omstende i denne saka som gjev grunn til ei anna vurdering.

Vi har etter dette kome til at reglane for å lukke møte i sak PS 17/11 ikkje vart følgde, men at dette ikkje er ein feil som kan føre til ugyldigheit i denne saka.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på.

Statsforvaltaren ber Øygarden kommune orientere representantane bak kravet om dette vedtaket.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. Statsforvaltar

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
VESTLAND FYLKESKOMMUNE Postboks 7900 5020 BERGEN

¹ Prop. 46 L (2017-2018) s. 142

² Prop. 46 L (2017-2018) s. 143.